

Erkjenningar i mørket –

og samtalen med Gud

litt om serien:

Jona er ei lita bok i det Gamle Testamentet, berre 4 korte kapittel. Og det er ei merkeleg, dramatisk og fascinerande historie om ein profet som ikkje liknar på noko anna i Bibelen. Boka handlar om langt meir enn akkurat den fisken du hugsar frå søndagsskulen. Jona er småleg, trongsynt, stolt, har nasjonalistiske tendensar og ser ned på andre. Han er rett og slett ein fyr som kjempar med retning og lydigheit, oppdrag og kall, nåde og omvendning, Gudsbilete og sjølvbilete og mange, mange fleire ting. Kanskje her er noko vi kan kjenne oss igjen i?

litt om temaet:

Du har det sikkert slik du også: dei viktigaste og mest verdifulle leksene i livet lærte du ikkje når alt var enkelt, men når noko vart skikkelig vanskeleg. Jona har så langt vore alt anna enn ein helt, og definitivt ikkje ein gudfryktig profet. Heidningane sin oppførsel er på alle måtar langt betre enn Jona sin. Og han byrjar å forstå det sjølv, alle val er tatt, og han er no på veg ned i djupet. Men det er nåde under bølgene og Gud sender ein stor fisk for å berge han. Akkurat som det kan vere vanskeleg for oss å forstå korleis gode ting kan komme ut av vanskelige hendingar, er det også vanskelig for Jona å begripe kva som skjer. Men på veg mot botnen, når mørket lukker seg om han, vender Jona seg til Gud – i bøn. Bøn er mange ting, men først og fremst er det relasjon – samtale med Gud. Og i denne samtalen oppdagar Jona Guds nåde på ny – for sin eigen del. Og utan å vite korleis det kjem til å gå med han akkurat no, erklærer han at «frelse kjem frå Herren». Gud er for han. Slike erkjenningar i mørkt er ofte dyrekjøpt visdom; dei gjev både kraft og håp til å halde ut, og kan snu situasjonen.

lære

Jona 2,1-11

Kva fortel biletbruken i Jona sin poesi om det han følte og opplevde?

Jona sine handlingar har ført han ned, ned, ned. Kva er det i teksten som gjev den motsette rørsle?

Jona var i buken på fisken i tre dagar og tre netter før han kom tilbake. Kva er dette eit frampeik om? (Matt. 12, 38-41)

vere

Kva trur du gjer at så mange opplever å verkeleg bli funne og sett av Gud først når dei er heilt på botnen?

Klarar vi oss utan Gud så lenge alt går greitt? Må det vere slik for oss, at det er først i full krise at vi «treng» Gud og ropar på han?

gjere

Det som verkeleg skil kristen tru frå alle andre religionar og livssyn er at det ikkje handlar om å vere «god nok». Korleis kan de forklare evangeliet sin bodskap (om at det står dårlegare til med oss enn vi trur, og at vi samtidig er fullstendig rettferdige gjennom Jesus) til nokon som tenkjer at det handlar om å vere ein «god person». Snakk om det eller øv gjerne gjennom rollespel!

ære

spel av
eller syng
(forslag)

Lovsong:

«Oceans» (Hillsong United)
«Redningsmann» (Impuls)

Salme:

703: Å, for djup i Jesu kjærleik



bøn

Takk Gud for at han er ein Gud som ser (1.Mos 16,13), og at han er nær den som er knust og nedbøygd i ånden. (Jes. 57,15)

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å sjå Jesu verk for deg, at det ikkje er dine feil og manglar Gud ser, men sin eigen fullkomne son.